

**Fra:** Malene Kristine Meidell Alsaker (malene.kristine@alsakershus.no)

**Sendt:** 02.04.2018 15:55:54

**Til:** Else-Marie Brobakke Aarø

**Kopi:**

**Emne:** Re: VS: HORDALAND ER INNE I PROGRAM FOR FOLKEHELSEARBEID

**Vedlegg:**

Hei,

Eg må dessverre meddele at eg ikkje har moglegheit til å møta på vegne av UFU denne gongen. Eg har hatt kontakt med Jonas og forstått det slik at han kjem til å møta.

Det verkar som eit spennande prosjekt og eg gler meg til å arbeida med det ved ei seinare anledning.

Malene Kristine Meidell Alsaker  
Ungdommens Fylkesutval - Hordaland  
Opplæring og Helse

23. mar. 2018 kl. 13:14 skrev Else-Marie Brobakke Aarø <Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no>:

---

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø

**Sendt:** 23. mars 2018 12:20

**Til:** 'malene.kristine@alsakerhus.no' <malene.kristine@alsakerhus.no>

**Emne:** VS: HORDALAND ER INNE I PROGRAM FOR FOLKEHELSEARBEID

Hei fikk feil melding på deg når eg sendte denne eposten. Håper den går igjennom denne gangen.

---

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø

**Sendt:** 23. mars 2018 12:18

**Til:** Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland <joaradas@gmail.com>; 'malene.kristine@alsakerhus.no' <malene.kristine@alsakerhus.no>

**Kopi:** Ingeborg Strandberg <Ingeborg.Strandberg@hfk.no>

**Emne:** VS: HORDALAND ER INNE I PROGRAM FOR FOLKEHELSEARBEID

Hei Jonas og Malene,

Fekk i dag meldinga av Ingeborg om at de er valgt frå ungdommens fylkesutval som representanter inn i samarbeidsorganet til den nye satsinga psykisk helse og barn og unge i Hordaland.

Vi set veldig pris på at de vil prioritere dette arbeidet. Det er viktig for oss å ha unge si stemme med i det regionale arbeidet, sjølv om det er i alle kommunane tiltaka for gode helsefremjande tiltak skal utviklast i dette programmet.

Eg sender dykk brevet om at vi er inne i programmet og søknaden vår med vedlegg.

Den 11 og 12 april er 7 personar frå HFK/samarbeidsorganet til Oslo for informasjon frå Helsedepartementet. Sjå epost under. Vi har ikkje fått programmet enno, men arbeider med å setje saman delegasjonen frå Hordaland. Det hadde vore kjekt å få ein ungdomsrepresentant med på denne samlinga. Har full forståing for at det er kort frist og at de er opptekne på skule.

Håper de kan vurdere om det passar og gje meg eller Ingeborg ei tilbakemelding på dette.

Beste helsing

Else-Marie Aarø

Regionalavdelinga

Tlf. 924 79 790

**Fra:** Ingeborg Strandberg

**Sendt:** 23. mars 2018 11:37

**Til:** Else-Marie Brobakke Aarø <[Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no](mailto:Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)>

**Emne:** Nye frå UFU

#### **Vedtak**

To nye personar vert vald til å delta i nettverk for folkehelseplanen. Ein vert vald frå område for opplæring og helse og ein vert vald frå området for kultur, idrett og regional utvikling.

Ungdommens fylkesutval vel Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland og Malene Alsaker som sine representantar i nettverk for folkehelseplanen.

Du finn kontaktinfo på e-innsyn under Ungdommens fylkesutval 😊

Helsing Ingeborg

#### **Ingeborg Strandberg**

Økonomi- og organisasjonsavdelinga  
Kommunikasjonsseksjonen | Fylkessekretariatet  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 55 23 92 81 | Mobil: 995 18 333  
[ingeborg.strandberg@hfk.no](mailto:ingeborg.strandberg@hfk.no)

---

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø

**Sendt:** 22. mars 2018 10:21

**Til:** 'Kjell.Stormark@uni.no' <Kjell.Stormark@uni.no>; 'eiiv@bergensklinikkene.no' <eiiv@bergensklinikkene.no>; 'LeifEdvard.Aaro@fhi.no' <LeifEdvard.Aaro@fhi.no>; 'ellen.haug@uib.no' <ellen.haug@uib.no>; 'ingrid.holsen@uib.no' <ingrid.holsen@uib.no>; 'rita.agdal@hvl.no' <rita.agdal@hvl.no>; 'Nils.F.Kvamme@voss.kommune.no' <Nils.F.Kvamme@voss.kommune.no>; 'ahf@nordhordaland.net' <ahf@nordhordaland.net>; 'morten.storebo@austevoll.kommune.no' <morten.storebo@austevoll.kommune.no>; 'aitj@os-ho.kommune.no' <aitj@os-ho.kommune.no>; 'ellen.haug@uib.no' <ellen.haug@uib.no>; 'Benedicte.Loseth@bergen.kommune.no' <Benedicte.Loseth@bergen.kommune.no>; 'bgu@oygarden.kommune.no' <bgu@oygarden.kommune.no>; 'FMHOBMA@fylkesmannen.no' <FMHOBMA@fylkesmannen.no>; 'Christoffer.Kallestad.Boge@nav.no' <Christoffer.Kallestad.Boge@nav.no>; 'asfr@nasjonalforeningen.no' <asfr@nasjonalforeningen.no>; 'Kjell Gitton Håland' <kjell.gitton@gmail.com>; Julie H.V. Langum <julie.langum57@gmail.com>; Silje Nordal <sinor2000@gmail.com>; Linda Farestveit <Linda.Farestveit@hfk.no>; Per Morten Ekerhovd <Per.Morten.Ekerhovd@hfk.no>; 'anne-beth.njarheim@bomlo.no' <anne-beth.njarheim@bomlo.no>  
**Kopi:** Bård Sandal <Bard.Sandal@hfk.no>; 'mette.nora.satre@hfk.no' <mette.nora.satre@hfk.no>; Andreas Ask <Andreas.Ask@hfk.no>

**Emne:** HORDALAND ER INNE I PROGRAM FOR FOLKEHELSEARBEID

Kjære alle gode samarbeidspartar.

Vi fekk i går melding om at Hordaland er innstilt som programfylke frå i år. Tilskotsperioden er utvida frå 5 til 6 år.

Tildelinga til oss i år er 6 mill. kroner, og med atterhald om årleg budsjettløyve frå Stortinget vil dette vere årleg tilskotsum.

Viktige grunnar til at vi har fått plass i programmet er denne grunngjevinga i brevet. «*Det som skiller søknadene er blant annet grunnlagsarbeidet*

*som er gjort opp imot kommunene for å utarbeidet fremtidige tiltak, tilrettelegging for evaluering og samarbeid med FoU-miljøer».*

Vi i Hordaland fylkeskommune vil rette ei sær stor takk til alle dykk for gode bidrag inn i arbeidet med å utvikle søknaden.

*Hastar: Deltaking på arbeidsseminar i Oslo den 11.og 12.04 – melding om interesse av å delta.*

Vi er bedt om å delta med 7 personar frå samarbeidsorganet på arbeidsseminar i Oslo den **11-12.4** i Oslo.

Tidsramma er 11.4 frå ca. kl. 14.00 til 12.4 ca. 12.30. Program kjem. Det er viktig å få deltakerar frå ulike fagmiljø og kommunar med på denne samlinga som er initiert frå Helsedirektoratet.

Kan alle som har høve og interesse i å delta sende meg ein e-post? Deretter ser på kven som skal reise for å representere prosjektet frå Hordaland.

Vi ser fram til arbeidet som programfylke – *saman for å betre trivsel og livskvalitet for alle barn*

og unge.

Vi kjem tilbake med meir informasjon samt møteplan for samarbeidsorganet over påske.

Beste helsing

**Else-Marie Brobakke Aarø**

Seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | Seksjon for Næring og lokalsamfunnsutvikling

[Else-marie.aaro@hfk.no](mailto:Else-marie.aaro@hfk.no)

Tlf: 924 79 790

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)